



Ullensvang herad  
Økonomikontoret

5780 Kinsarvik

Lofthus, 12.februar 2013

## **FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT – SØKNAD**

Hardanger Folkehøgskule søker med dette Ullensvang herad om fritak for eigedomsskatt.

Ein folkehøgskule er å sjå på som ein skule og - kulturinstitusjon med vidtrekkjande oppgåver for dei offentlege myndighetene, og som i mange kommunar blir gitt fritak frå eigedomsskatt etter §7.

Folkehøgskulane vert driven med hjelp av statsstøtte, elevpengar og gåver frå privatpersonar og organisasjonar. I prinsippet leiger staten lokaler slik at det kan drivast folkehøgskular, via sitt tilskot til husleige.

Staten har også ansvar for lønn til pedagogisk personale, vaktmeister, kontorsekretær og internatleiar. Kapitaldelen av skuledrifta må skuleeigarane ta hand om sjølv.

Undervisning og sosialpedagogisk arbeid er knytta til avtalar gjort med dei offentlege myndighetene. Det er også verd å nemna at folkehøgskulen må betala full moms på alle varer og tenester, men har ikkje har høve til momskompensasjon for innkjøpa som vi gjer.

Hardanger Folkehøgskule er ein non-profitt organisasjon. Ingen kan ta ut utkoma og alle overskot vert verande i organisasjonen. Det vil vera svært uklokt å pålegga Hardanger Folkehøgskule eigedomsskatt. Det vert nye utgifter som må dekkast ved å auka elevpengane, noko som igjen kan føra til at prisen for opphold blir høgare enn normalt er for eit folkehøgskuleår – noko som truleg vil svekka elevtilgangen til skulen.

Hardanger Folkehøgskule er viktig for Ullensvang herad, den har vore ein stabil arbeidsplass med skatteinbetaling til heradet i 101 samanhengjande år, men det er svært små marginar i hft det økonomiske.

Staten gir ikkje tilskot til dekking av eigedomsskatt, og vi meiner at det vil vera urimeleg å påføra ideelle organisasjonar som folkehøgskular eigedomsskatt.

Folkehøgskular i mange kommunar får fritak for eigedomsskatt, seinast gav Bergen kommune Åsane Folkehøgskule fritak i september 2012.

Eg vil også visa til Trondheim kommune som gir fritak for eigedomar ”som er eid av stiftelser eller institusjoner som tar sikte på å være til nytte for kommunen, fylket eller staten og Molde som gir fritak i kommunestyret 28.11.11 til ”skoler og museer”.

I Halsa kommune blir det gitt fritak til ”Eiendommer tilhørende organisasjoner som på en ikke-kommersiell måte har til formål å være til gagn for kommune eller stat”.

Medan det i Lenvik kommune ( sak 32/08 ) vert gitt fritak for eigedom som er eigd av stiftelsar eller institusjonar. ”Alle lag, foreninger og sammenslutninger som har et klart samfunnsnyttig formål gis fritak”.

Vi søker med dette Ullensvang herad om fritak for eigedomsskatt.

Beste helsing  
Hardanger Folkehøgskule

Trond Instebø  
Rektor

Sverre Kleivkås  
Styreleiar

